



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6952 - 15/5430

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
09.03.2015

Leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/15	Levekårsutvalet	PS	03.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/6952

Leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune

Vedlegg:

Høyring - Leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp til elevar på 5.-7. trinn. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilboden i samsvar med krav i Opplæringslova med forskrifter. Eventuell auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innanfor ramma til Oppvekst.

Levekårsutvalet - 019/15

LE - behandling:

Framlegg frå Krf, Høgre og Venstre:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp til elevar 5-7. trinn. Rektor organiserer tilboden i samsvar med krav i Opplæringslova med forskrifter, og pedagog(ar) skal ha hovedansvar for leksehjelp. Eventuell auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innanfor ramma til Oppvekst.

Ordninga skal evaluerast våren 2017.

Framlegget frå Krf, H og V vart vedteke med 8 røyster (Mette Bøe-Ap, Bjørn Brunborg-Ap, Helge Fjellanger-V, Kjell Fagna-H, Anne Julie Hetland-H, Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf, Asle Hetlebakke-Krf, Vetlemøy Wergeland-Krf).

Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster og fall (Jostein Hellestveit-Sp, Gudmund Husdal-Frp)

LE - vedtak:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp til elevar 5-7. trinn. Rektor organiserer tilboden i samsvar

med krav i Opplæringslova med forskrifter, og pedagog(ar) skal ha hovedansvar for leksehjelp. Eventuell auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innanfor ramma til Oppvekst.

Ordninga skal evaluerast våren 2017.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka har vore til handsaming i Levekårsutvalet, som sendte saka ut på høyring.

Ny handsaming i Levekårsutvalet 3.3.15, som fattar endeleg vedtak i saka.

Bakgrunn

På bakgrunn av innhaldet i lovendringa i Opplæringslova §13-7a frå 12.juni -14 samt endring i Forskrift til Opplæringslova §1A-1 handsama Levekårsutvalet saka i møte 28.10.2014.

Opplæringslova (§13-7a) seier: *Kommunane skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Tilboden skal vere gratis for alle elevane. Elevane skal ha rett til å delta i leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønsker å delta.*

Forskrift til Opplæringslova (§1A-1)seier: *Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. Opplæringslova §13-7a, med til saman åtte timer kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane kan fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

I revidert rundskriv om leksehjelp i grunnskolen (Udir-&-2010, sist endra 2.12.14), har direktoratet presisert følgjande i høve til formålet med leksehjelp: «*Når kommunen skal fastsette innholdet og organiseringen av leksehjelpen, må det velges løsninger som sikrer at leksehjelpen virker i samsvar med formålet*».

Om samanheng mellom leksehjelp og opplæring, seier direktoratet (ibid.) følgjande: «*Siden leksehjelpen ikke er en del av opplæringen, skal tiden i leksehjelpen ikke brukes til å gi opplæring etter læreplanverket. ... Leksehjelpens oppgave er å understøtte læringsarbeidet som gjøres i opplæringen, og den skal ses i sammenheng med opplæringen. Men det understrekkes at det å se leksehjelpen i sammenheng med opplæringen, ikke åpner for at leksehjelpen i realiteten blir opplæring*».

I høve til vurdering av om tilboden er pedagogisk forsvarleg, uttrykkjer direktoratet (ibid.) følgjande: «*Pedagogisk forsvarlig må her forstås som at gruppen ikke er for stor til at den enkelte eleven får individuell oppfølging med tanke på at leksehjelpen kan fungere i samsvar med hensiktene, jf. første ledd. Det understrekkes at det ikke er leksehjelperne som skal vurdere om opplegget er pedagogisk forsvarlig. Dette er kommunenes ansvar. At det ikke er leksehjelperne som foretar denne vurderingen, har sammenheng med at det ikke oppstilles krav om pedagogisk kompetanse for personene som gjennomfører leksehjelpen, og at*

leksehjelpen ikke er opplæring».

Organisering av leksehjelp i Lindås kommune vart sendt ut på høyring 31.10.14 og høyringsperioden var sett til 05.11.14-17.12.14. Det har kome inn 12 høyringsinnspel totalt, frå Lindås ungdomsskule, Myking skule, Knarvik barneskule, Alversund skule, Ostereidet barneskule, Lindås barneskule, Seim skule, Skodvin skule, Ostereidet ungdomsskule, Ut dannings forbundet og Fagforbundet.

Høyringsinnspela har følgjande innhold:

Lindås ungdomsskule

Saka har vore handsama i FAU, SMU og SU. Dei seier seg samde i at leksehjelpa blir gitt på 5.-7. trinn. Dei presiserer følgjande: Leksehjelpa må vere eit frivillig tiltak. Eleven må be om eller søkje om tilbodet, då blir det meir forpliktande. Leksehjelpa må vere av ein lærar, og det må reknast inn midlar til dette i budsjettet.

Myking skule:

Saka har vore handsama i SU/SKMU, som meiner at den einskilde skule må få organisere tilbodet om leksehjelp innafor den nasjonale ramma og eige budsjett.

Knarvik barneskule:

Saka har vore handsama i SU/Skulemiljøutvalet og dei ønskjer at ordninga med leksehjelp blir flytta frå 1.-4. trinn og i staden lagt til 5.-7. trinn.

Dei peikar på følgjande: I dag er det assistenter som gjev leksehjelp. Ønskjer at det skal vere pedagogar som gjer dette i framtida. Skulen må då få kompensert for den ekstra kostnaden det vil bli å ha pedagogar kontra det å ha assistenter til å gjennomføre ordninga.

Alversund skule:

Saka har vore handsama i SU, som er samd i forslaget om å leggje leksehjelp til 5.-7. trinn. SU er også samd i at det skal nyttast pedagogar til å gjennomføre leksehjelpa, og seier det må tilførast nye midlar til Alversund skule, då SU meiner det vert uråd å ta frå den alt eksisterande ramma.

SU vil at rektor skal kunne gjere tilpassingar i særlege høve. Skulen bør vere i forkant, og gje tilbodet som treng leksehjelp. Mange elevar kan gjerast ansvarlege for leksearbeidet sjølv.

Ostereidet barneskule:

Saka har vore handsama i SU, som seier dei er bekymra for at leksehjelpa vil gå til dei som bur i nærområde og ikkje treng skyss til og frå skulen. Dei seier det er viktig at det vert gitt ekstra midlar til leksehjelpa for å kunne setje inn ein pedagog i denne tida samt at leksehjelp blir lønna som undervisning. Dei kjem med framlegg om at kontaktlærar kan ha ansvaret for leksehjelpa,

Lindås barneskule:

Saka har vore handsama i SMU, som ønskjer at 4.-7. trinn får leksehjelp. Kvart trinn får då to timer i veka. SMU ber om at pengane som var sett av til leksehjelp no går vidare, men at det vert løyvd ekstra midlar til mellomlegget, slik at dette ikkje går ut over den ordinære undervisninga.

Seim skule:

Saka har vore handsama i SU, som går inn for leksehjelp for 4.-7. trinn. Dei ønskjer at det vert lagt til rette for at elevar som treng skyss heim, kan ta bussen frå ungdomsskulen.

Skodvin skule:

Saka har vore handsama i FAU, som er positive til leksehjelp for 5.-7.trinn. dei ser på dette som eit tiltak for å heve læringsutbyttet til elevane, og seier at dette krev at det er pedagogar som utfører leksehjelpa. Gruppene bør ikkje overstige 18 born pr. pedagog og i fall det blir auka kostnader, må kvar einskild skule få ekstra tilskot for å dekke desse utgiftene.

Ostereidet ungdomsskule:

Saka har vore handsama i SU/SMU, som seier at leksehjelpa må vere gjennomført av kvalifisert personell i dei 8 t/v som er sett av. Dei seier vidare at behovet for leksehjelp er sterkest på 8.-10.trinn og bør setjast inn der.

Utdanningsforbundet:

Utdanningsforbundet har sendt inn to innspeil til organisering av leksehjelp i Lindås kommune. Det eine innspeilet vart sendt inn i samband med uttale til økonomiplanen, og dei oppmodar om at det blir lagt inn ressursar til lærartimar til leksehjelp. Dei vil ikkje godta at leksehjelpa skal finansierast med dei timane som i utgangspunktet er tiltenkt ordinær undervisning.

Utdanningsforbundet kan heller ikkje godta at leksehjelp blir definert som «anna enn undervisning» og at lærarar skal yte leksehjelp innanfor såkalla «anna arbeid med elevar» og viser til arbeidstidsavtalen. Det vil i tilfelle seie at leksehjelpa vil gå føre seg i tida som lærarane i dag nyttar til samarbeid og føre- og etterarbeid. Lærarar som skal yte leksehjelp, må setje seg inn i dei ulike elevane og klassane sine vekeplaner, og ha tett samarbeid med faglærarane, om intensjonane med leksehjelp skal vere innfridde. Tid med elevar som krev føre- og etterarbeid, er undervisning og må såleis gå inn som ein del av lærarane sitt undervisningstimetal.

Det andre innspeilet frå Utdanningsforbundet, er sendt frå styret v/leiar. Dei kjem med uttale etter innspeil frå medlemmene på arbeidsplassane.

I høve til kven som skal få tilbod om leksehjelp, meiner Utdanningsforbundet det må vere høve til å innføre leksehjelp på fleire trinn og at ungdomsskuleelevar også må få dette tilbodet. Dei kjem med innspeil om at alle skulane bør ha høve til å organisere leksehjelpa ut frå eigne behov i samarbeid med skulen sine rådsorgan og dei tillitsvalde.

Utdanningsforbundet seier det er viktig at det er lærarar som står for leksehjelpa, men at rektor ved den einskilde skule må kunne organisere tilbodet. Dei peikar på at skulane må få tilført ekstra ressurs til leksehjelp utanom rammetimetalet, og vil ikkje godta at leksehjelpa blir finansiert med dei timane som i utgangspunktet er tiltenkt ordinær undervisning.

Utdanningsforbundet presiserer også i denne uttalens at dei ikkje kan godta at leksehjelp blir definert som «anna enn undervisning» og at lærarar skal yte leksehjelp innanfor såkalla «anna arbeid med elevar» og viser til arbeidstidsavtalen. Det vil i tilfelle seie at leksehjelpa vil gå føre seg i tida som lærarane i dag nyttar til samarbeid og føre- og etterarbeid. Lærarar som skal yte leksehjelp, må setje seg inn i dei ulike elevane og klassane sine vekeplaner, og ha tett samarbeid med faglærarane, om intensjonane med leksehjelp skal vere innfridde. Tid med elevar som krev føre- og etterarbeid, er undervisning og må såleis gå inn som ein del av lærarane sitt undervisningstimetal.

Om storleiken på leksehjelgrupper på inntil 20 elevar, meiner Utdanningsforbundet at det er for stort tal i høve til intensjonen, og at elevgruppene på leksehjelp ikkje bør overstige 15 elevar.

Fagforbundet:

Fagforbundet har kome med innspeil om at formuleringa «I hovudsak pedagogar er ansvarlege for leksehjelpa» ikkje er klar nok, og seier det må vere pedagogar som har ansvaret for dette. Dei uttrykkjer vidare at dersom det er store grupper og/eller barn med

spesielle behov, kan det vere behov for assistent/fagarbeidar i tillegg. Dei seier også at leksehjelp må reknast som undervisning og at kostnad til leksehjelp må kome i tillegg til ramma for skulen.

Vurdering:

Det å leggje leksehjelpa til 5.-7. trinn, blir støtta i fire av høyringssinsspela. To av høyringssinsspela kjem med framlegg om å leggje leksehjelpa til 4.-7. trinn, to andre innspel ønsker at rektor får høve til å avgjere organisering innafor den nasjonale ramma, medan to høyringssinsspel vektlegg det å leggje leksehjelpa til 8.-10. trinn, eller ha høve til å tilby leksehjelp også til andre trinn.

Bruk av pedagog som leksehjelpar, får støtte gjennom sju av høyringssinsspela. I to av høyringssinsspela blir det vektlagt at dei ønsker at rektor må få organisere leksehjelpa innafor den nasjonale ramma og eige budsjett. Ikkje alle som har gitt uttale i høyringa, har kommentert det med å bruke pedagogar som leksehjelparar.

Rektor er den som kjenner dei lokale tilhøva best, og har difor eit godt grunnlag for å vurdere kva modell for leksehjelpa som kan støtte opp om den nasjonale målsetjinga. Ut frå dette perspektivet kan det vere ein fordel at rektor får tildelt det fulle og heile ansvaret for leksehjelpa. Slik kan rektor leggje til rette for tilbodet der behovet er størst. Rektor kjenner til dei lokale behova, og vil kunne tilpasse eit leksehjelptilbod til ulike behov i elevgruppa.

Dersom det blir opp til rektor å vurdere og fastsetje organisering av leksehjelptilboden, kan dette føre til ulik praksis i kommunen, både i høve til organisering samt bruk av pedagog som leksehjelpar. Dei fleste som har sendt inn innspel til høyringa, er samd med at det er dei eldste barneskuleelevarane som bør få leksehjelpa, så det er kanskje ikkje i høve til barneskulane det kan bli dei største skilnadane. I fall det blir opp til rektor kan vurdere organisering av leksehjelpa sant behov for å opprette ordning med leksehjelp, kan dette til dømes føre til at tilboden blir gitt ved ein ungdomsskule i kommunen, medan dei to andre ungdomsskulane ikkje har tilsvarande tilbod.

I fall ein ønsker mest mogleg samsvar mellom leksehjelp for elevane i kommunen, tilseier det at ein bør regulere kven som skal få tilboden gjennom politiske vedtak. Ønsker ein å styrke den lokale råderetten ved den einskilde skule, vil det å la rektor avgjere den totale organiseringa, støtte opp om dette.

Ingen av høyringssinsspela fremjar ønske om at kommunen held fram med assistenter/fagarbeidrarar som leksehjelparar, men fleire av høyringssinsspela er kritiske til at leksehjelpa blir definert som **anna enn undervisning**. Særleg Utdanningsforbundet viser stort engasjement i høve til dette, som seier dei ikkje vil godta at leksehjelpa blir definert som «anna enn undervisning» og at lærarar skal yte leksehjelp innafor såkalla «anna arbeid med arbeidstidsavtalen». Dei vil heller ikkje godta at leksehjelpa blir finansiert med timer som i utgangspunkt er tiltenkt undervisning.

I SFS 2213 – Undervisningspersonalet i kommunal og fylkeskommunal grunnopplæring, som er gjeldande i perioden 01.08.2014 til 31.12.2017, finn ein i kap. 4.2 *Andre arbeidsoppgaver*: «Undervisningstiden kan etter avtale med den enkelte lærer og rektor reduseres for at læreren skal kunne utføre andre oppgaver i tilknytning til undervisningen». Det vil ut frå innhaldet i denne særavtalen vere naturleg at ein drøftar rammer og organisering av leksehjelpa både på kommunenivå og ved den einskilde skule. Kommunalsjef vil ta initiativ til at slike drøftingar blir gjennomført.

Lindås kommune vil ikkje ha endeleg oversyn over kostander til leksehjelp før ein ser påmeldinga for hausten. I vurderingane har ein lagt til grunn at eventuell auke i kostnader til leksehjelp skal finansierast innafor Oppvekst.

